



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 05.01.2016

Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 12.01.2016 kl. 19:00 i Kyrkjelydshuset.

Desse møtte:

Audun Digranes, Jarle Berge, Erlend Andre Høyvik Haugsbø, Runar Matsui-Li, Anne Lise Ljotebø, Sturla Bell Fossen, Lisbeth Haugsbø.

Meldt forfall: Alle dei andre innkalla. Aasgard hadde også meldt at ho kom til å flytte frå kommunen snart.

Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Arve Varden, Toril Lange, Eldrerådet

Sakliste

Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte. Ingen merknadar.

Meldingssaker

000001 **Kjøp av salmebøker**

Kyrkjebø sokneråd har løyvd kr. 6000 til kjøp av salmebøker med stor skrift. For desse midlane får ein 20 salmebøker.

000002 **Medlemer i Diakoniutvalet**

Kyrkjebø sokn sin medlem i diakoniutvalet er:
Gunvor Hommedal. Vararepresentant er: Stine Iren Røyseth. Samrøystes valde.

000003 **Rekneskapsrapport**

Rekneskapsrapport vart gjennomgått i møtet, og teken til vitande.

000004 **Innføring i soknerådsarbeidet.**

Soknepresten las sundagens tekst. Han orienterte deretter om sokne-organa sine oppgåver, som er todelte, dvs. oppgåver knytte til trusopplæringa og det forvaltningsmessige arbeidet. Sokneråda har ansvar for trusopplæringa, medan Kyrkjeleg fellelsråd har forvaltningsoppgåvene.

Kyrkjeverja orienterte nærare om sokneråda og fellelsråda sine oppgåver og organisering.

Ca: 70 % av fellelsrådet sine inntekter kjem frå kommunen i form av overføringar.

Kyrkjeverja viste plansjar, som var ein kortversjon av handboka soknerådsmedlemene har fått, og som soknerådet vert sterkt tilrådde og gjere seg godt kjend med. Boka er eit oppslagsverk.

000005 **Innkalling av varamedlemer til kvart soknerådsmøte**

Saka vart teken opp som vedtakssak nr: 004/16.

Vedtakssaker:

Sak 001/16 TRUSOPPLÆRINGSUTVAL (Dok: 09/00011-010)

VEDTAK: Soknerådsleiaren får fullmakt til å skaffe tre personar frå Kyrkjebø/Vadheim som kan gå inn som representantar i eit trusopplæringsutval.

Sak 002/16 MØTEPLAN FOR 2016 (Dok: 15/00005-001)

Med bakgrunn i aktuelle oppgåver og tidfristar føreslo leiaren møtedatoar for 2016.

VEDTAK: Soknerådet har møte: 23/02 evt. 01/03, 19/04, 31/05, 23/08, 18/10, og 29/11.

Sak 003/16 KYRKJEVERTAR 1. HALVÅR 2016 (Dok: 15/00008-001)

VEDTAK: Soknerådsmedlemene fordeler vertsoppgåvene seg i mellom for fyrste halvår 2016. I tillegg spør soknepresten og/eller Irene Årseth ein kyrkjegjengar om å vere vert saman med soknerådsmedlemene. Sjå eige vedlegg !

Sak 004/16 Innkalling av varamedlemer til kvart soknerådsmøte

Fram til no har både faste medlemer og alle vara vorte innkalla til kvart møte. Soknerådet drøfta føremuner og ulemper med gjeldande ordning, og kom til at det administrativt er enklast at alle får innkalling og så evt. melder avbod til leiar. Dette fungerer greit.

VEDTAK: Kyrkjebø sokneråd held fram ordninga med å kalle inn både faste medlemer og vararepresentantane til alle møta i soknerådet. Ved fråver melder ein forfall.

Møtet slutt kl 21:10

Sturla Bell Fossen
skrivar

Kyrkjebø Sokneråd

Arkivsak 15/00008

Dato: 09.11.2015
Arkivsak-navn: KYRKJEVERTAR 2016
Saksbehandler: Bjørnar Otterstein
Dokumentnavn: KYRKJEVERTAR 1. HALVÅR 2016
Dokumentnummer: 15/00008-001
Løpenummer: 000052/15
Arkivkode: 310

Kyrkjevertar for gudstenestene i 1. halvår 2016:

Kyrkjebø:

03.01.kl.1100 Anne Lise Ljotebø
31.01.kl.1100 Jarle Berge
14.02.kl.1700 Erlend A. Høyvik Haugsbø
06.03.kl.1100 Sturla Bell Fossen - Tårnagentgudsteneste
27.03.kl.1100 Anne Lise Ljotebø - Påskedag
03.04.kl.1700 Sturla Bell Fossen
05.05.kl.1100 Jarle Berge
08.05.kl.1100 Lisbeth Haugsbø - Konfirmasjon
16.05.kl.1530 Friluftsgudsteneste i Måren
17.05.kl.1245 Jarle Berge
05.06.kl.1700 Stine Iren Røyseth

Vadheim:

10.01.kl.1100 Borgny Birkeland
24.01.kl.1700 Leif Arne Fureli
07.02.kl.1700 Audun Digranes
06.03.kl.1700 Borgny Birkeland
24.03.kl.1100 Leif Arne Fureli - Skjærtorsdag
27.03.kl.1700 Audun Digranes
10.04.kl.1100 Borgny Birkeland
24.04.kl.1100 Leif Arne Fureli - Konfirmasjon
17.05.kl.1130 Audun Digranes
05.06.kl.1100 Borgny Birkeland

Vedtak:

Samrøystes.